

PILOTPROSJEKT:

”UTVIKLING RUNDT KULTURMINNE I VIK”

Eit prosjekt i KRD sitt program for Småsamfunnssatsing.

PROSJEKTPLAN. STATUS PR.15.11.08



Innhald:

- A Prosjektopplysningar. Organisasjon.
- B Prosjektmål
- C Delprosjekt
- D Budsjett.Finansiering.

A Prosjektopplysningar. Pilotprosjektet.

- 01. Prosjektnamn: ”Samordning for utvikling rundt kulturminne i Vik”.
- 02. Prosjekteigar : Vik Kommune
- 03. Prosjektansvarleg(PA): Rådmannen
- 04. Prosjektleder (frå 1.1.08) : Siv.ark Ottar Wiik
- 05. Styringsgruppe(SG): Formannskapet
- 06. Prosjektperiode: 1.1. 2007-31.12.2010 (4år).

B Prosjektmål for pilotprosjektet.

*Sikra og framheva kulturminneverdiane I området Hopperstad-Hove-Moahaugane.
Utvikla området til ein heilskapleg attraksjon med høg kvalitet .*

Utvikla strandsona på Vikøyri til eit attraktivt offentleg rom for fastbuande og gjestar.

Etablera ein ring av turveggar I Flatbygdi som knyter I hop og gjev tilgang til viktige kulturminne og kulturlandskap.

*Styrka medvit og lokal kunnskap om eigne kulturminneverdiar.
Betre kvalitet på formidling og informasjon.*

Auka lokal verdiskaping .

C DELPROSJEKT.

Vårt beste arvesylv er våre kulturminne.

Lat oss pussa dei blanke

festa dei på ei vakker kjeda

stolte bera dei fram for all verda!

Generelt.

Oppstillinga under er ei konkretisering og vidareutvikling av elementa i pilotprosjektsøknaden og dei generelle prosjektmåla formulert under pkt.B.

Nokre nye element/delprosjekt er lagt til og nokre er fjerna i høve til søknaden.

Nedanfor fylgjer ei oppstilling og spesifikasjonar for prioriterte delprosjekt.

1.0 Reguleringsplanlegging

2.1 Reguleringsplan Hove-Moahaugane – Hopperstad

2.2 Reguleringsplanar Vikøyri/sjøfronten/sentrum. Miljøgate.

2.Turvegar .

2.1 Langs Hopra

2.2 Hopperstad-Hove

2.3 Langs Vikja til Hove

3.0 Tiltak området Hopperstad - Hove

3.1 Klokkargarden. Servicetun Hopperstad.

3.2 Hopperstadtunet. Miløtiltak. Fartshindringar m.m.

3.2 Servicebygg Hove

3.3 Skjøtselstiltak.

4. Vikøyri/Sjøfronten

4.1 Sjøfronten mellom elvane.

Strandpark med badeplass, strandpromenade, kaipark.

4.2 Havnen. Nærbadeplass m,m.

4.3 Miljøgate. Fartsreduksjon.

5.0 Formidling og kompetansebygging.

7.1 Sundagsseminaret

7.2 Audioguiding. Vikøyri og aksene Hopperstad-Hove.

7.3 Kulturminneåret 2009.

1.0 Reguleringsplanlegging m.m.

Arbeid med 6 reguleringsplanar for aktuelle deler av Flatbygdi, samt ein tilstandsanalyse for elva Hopra vart sett i gang vinteren 2006/2007 .

Tiltakshavar er Vik Kommune.

Planutkast frå rådgjevarar låg føre sommaren 2007.

Plan for område Hove-Moahaugane-Hopperstad er vidareført I ein omfattande planprosess.

På grunn av begrensa kapasitet og økonomi I kommunen har ein valt å gå vidare med eit begrensa utval av dei øvrige planområde I prosjektet, I samsvar med oppstillinga under.

01. Området Hove- Moahaugane- Hopperstad . Reguleringsplan og Skjøtselsplan.

Prosjektansvarleg : Prosjektleder.

Bakgrunn:

Planområdet er ca 700daa, og omfattar 70 eigedomar, og kulturminne og kulturlandskap av nasjonal og internasjonal verdi.

Området Hove er omfatta av områdefredning etter Kulturminnelova. Riksantikvaren har varsla områdefredning for området Moahaugane og Hopperstad.

Vik Kommune ynskjer med regulering etter PBL å etablere ei lokal forvaltning som alternativ til områdefredning.

Mål:

Leggja grunnlag for god lokal forvaltning av eit aktivt landbruksområde med store kulturminneverdiar

Delmål: (reguleringsføresegner av 15.10.08)

- Sikra og framheva kulturminneverdiane i området
- Sikra vilkåra for framtidig landbruksdrift i planområdet.
- Bevare det opne kulturlandskapet og hindra attgroing med eigna skjøtselstiltak.
- Legge til rette for rekreasjon og ferdsel på gode og tiltalende turveggar .
- Sikre vilkår for god forvaltning av dei regulerte vassdraga i planområdet i samsvar med konsesjon og manøvreringsreglement gitt ved Kgl. res. 27. juni 1969.
- Gje retningslinjer og rammer for nybygging og forvaltning av eksisterande bygg i planområdet.

Rådgjevarar: Aurland Naturverkstad BA, i samarbeid med Arkitektfirma Jon Vikøren as i Vik Oppdraget inkluderer landskapsanalyse og skjøtselsplan.

Partar I planarbeidet:

Det er oppretta ei Rådgjevande Arbeidsgruppe for planen, der Riksantikvaren , Statkraft og grunneigarar er representerte. RA og Statkraft ber sine egne kostnader ved deltaking.

Arbeidsgruppa har gjeve tilråding til Planutvalet

Framdrift/status:

Planutkast låg føre 1.sept.2007 .

Det er utarbeidd 3D modell for området Hopperstad, som hjelpemiddel I alternativvurderingar.

Riksantikvaren og Fortidsminneforeningen har støtta modellarbeidet med 30.000kr.

Revidert framlegg utlagt til offentleg ettersyn sommar 08. 20 merknader.

Revidert plan er lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn i november 08.

02. Vikøyri/sjøfronten.

Saksansvarleg: PL

Planområde: Sjøfronten mellom Vikja og Hopra.

Oppstart er varsla .

Framdrift: Planforslag klar vår 09

03 Havnen

Saksansvarleg: PL

Planområde: Strandsona på sjøsida av fylkesvegen frå Hopra til grense for Vik Kommune sin eigedom.

Oppstart er varsla.

Framdrift: Planforslag klar vår 09

04. Reguleringsplan Vik sentrum.

Saksansvarleg: PL

Planområde: Sentrumsområdet langs RV 13 gjennom sentrum t.o.m. Rulsen.

Oppstart er varsla.

Framdrift: Planforslag innan 2010.

BUDSJETT. REGULERING	2009		2010	
1000 kr				
Planar	KRD/SOFF	VIK K.	KRD	Vik K.
Hove-Moahaugane- Hopperstad	100	100		
Vikøyri/Sjøfronten		100		
Havnen, trinn 1		80		
Vik Sentrum			100	100
Sum	100	280	100	100

2. Turvegar i Flatbygdi: ”Sylvringen”

”Arvesylvet fortener eit vakkert kjede å hanga på”.

Eksisterande turvegnett er usamanhangane og i hovudsak av låg standard.

Prosjektmål:

- etablera eit samanhagande turvegnett i Flatbygdi, I form av ein ringveg som gjev god tilkomst til kulturminne og kulturlandskap for turistar og fastbuande.
- gje born og vaksne høve til trim og rekreasjon i friluft på trygge og tiltalande turvegar.

Hovedparsellar:

01 Frå Vikøyri langs Hopra til Hopperstad/Hønsivegen

02 Frå Hopperstad via Moahaugane til Hovekyrkja.

03 Frå Hove langs Vikja til Vikøyri.

Samla lengde ca 5km.

Viktige kulturminne langs ”sylvringen”:

Vikøyri, motor og sjøbruksmuseet, Borgstova, Brødrehaugane, askealleen I Kålhagen, Hopperstadkyrkja og Hopperstadtunet, Klokkargarden, Moahaugane, tunet på Guhaugen, Hovekyrkja, Orvedals Mølle, kulturlandskapet med terrassar og reiner.

KKD sine krav til utforming av turvegar vert lagt til grunn, med tanke på spelemidlar.

2-2,5 m brei vegbane med grusdekke av god kvalitet. Skilting/info.

Rasteplassar/friområde langs vegen, med sitjemøblar og infotavler på utvalde stader.

Gangvegbelysning langs turvegar vest for RV13. Saman med eksisterande vegar med gatelys vil dette gje fleire alternative tursløyfer med lys.

Status pr.1.11.08

Turvegane er lagt inn som prioriterte anlegg I Vik Kommune sin plan for idretts- og friluftsanlegg.

For parsell 01 er grunnspørsmål avklara og nødvendige avtalar under formalisering.

Firma Bystøl as er engasjert for å laga forprosjekt på parsell 01 og 02.

Reguleringsplan for området Hove-Moahaugane-Hopperstad er forutsett ført I mål innan våren 09, og vil då gje heimel for å skaffa grunn til parsell 02 og 03, turvegar dersom det trengst.

Av praktiske årsaker (framdrift, finansiering, grunnspørsmål) vil prosjektet bli fremje I tre delprosjekt med avgrensing som spesifisert under:

01. Langs Hopra frå Øyri til Hopperstad.

Lengde: Ca 1,3km. Gatelyst. Ny gangbru over Hopra.

Framdrift: Byggestart 2009

Kostnad (Stipulert): 1,4mill.

Partar, finansiering	2008	2009		Sum
	Planlegging	Planlegging	Byggeprosjekt	
KRD		100		100
Vik Kommune	50		400	450
Spelemidler			700	700
Andre (Statkraft)			150	150
Sum	50	100	1250	1400

02. Kålhagen- RV13- Moahaugane- Hove.

Lengde: Ca 1,5 km. Gatelyst frå Kålhagen til RV 13.

Inkluderer et mindre friområde på/ved Moahaugane.

Framdrift: Byggestart 2009/2010.

Kostnad (Stipulert): 1,4 mill.

Partar, finansiering	2008	2009	2010	Sum
	Planl.	Planl.	Byggeprosjekt	
KRD				
Vik Kommune	50	100	500	650
Spelemidler			700	700
Andre (Statkraft)			50	50
Sum	50	100	1250	1400

03. Hove- Vikja- Vange bru- Vikøyri.

Lengde: Ca 2 km.

Ny veg frå Hove til Vange bru. Frå Vange bru til Vikøyri må eks. veg rustast opp.

Framdrift: Avhengig av når avtalar om veggrunn/vegrett ligg føre.

Byggestart tidlegast 2010.

Kostnad (Stipulert): 1, 5 mill.

Partar, finansiering	2010	2011	Sum
	Planl.	Byggeprosjekt	
KRD	150		150
Vik Kommune		500	500
Spelemidler		700	700
Andre (Statkraft)		150	150
Sum	150	1350	1500

3.0 Området Hopperstad-Moahaugane-Hove.

Bakgrunn.

Aksen Hopperstad- Hove er den historiske ”indrefiletten” i Vik: 2000 års gravskikk- og religionshistorie synleggjort innafør 1 km .

Hovedelementa er Hopperstad Stavkyrkje (1130) Hove Steinkyrkje (1170), gravhaugsamlinga Moahaugane (4-600 e.kr.), verneverdige tun og kulturlandskap.

Mål:

Prosjektet skal utvikla denne aksen til ”ei historisk vandring” med høg kvalitet på enkeltelement og formidling.

Turvegen Hopperstad-Hove er omtalt under pkt 2.0, og inngår som eit sentralt element. Området er under regulering. Kfr kap.1.0.

3.1 Klokkargarden. Servicetun for Hopperstadkyrkja.

Prosjektansvarleg: Prosjektleiar.

Hopperstad Stavkyrkje er eit ”fyrtårn” i reiselivet i Vik. Årleg løyser meir enn 20000 gjester billett. Minst like mange kjem på besøk utan å løysa billett.

Fortidsminneforeningen forvaltar kyrkja, Vik Kommune/fellesrådet forvaltar kyrkjegarden.

Opplevinga av kyrkja er skjemma av eksisterande veg- og trafikkforhold, og mangel på elementær service. Det verneverdige *klyngetunet* er plaga av gjennomgangstrafikken.

Vik kommune ynskjer å flytta det verneverdige **hovedhuset i Klokkargarden** (Byggeår 1770) til området nord for kyrkja, og restaurera /byggja om til *servicebygg* for kyrkja, med enkel servering, salg av kvalitetsreiseminne, informasjon/utstilling, billettsal, wc, m.m.

Ein vil og flytta **Prestegardsstabburet**, siste gjenståande bygning frå den gamle

Prestegarden, og plassera han I lag med Klokkargarden. Begge desse bygningane har historisk tilknytning til stavkyrkja. Ved å samla dei i eit servicetun og gje dei ein ny funksjon, kan ein berga også dei for ettertida.

Forslag til reguleringsplan som pr.nov 2008 ligg ute til 2. gongs ettersyn legg til rette for denne løysinga.

I delprosjektet inngår og opparbeiding av parkeringplass, og ombygging/deling av vegbana forbi kyrkja I gangveg og køyreveg.

Vik Kommune har ved avtale sikra seg retten til å nytta bygningane til føremålet.

Bygningane er I 2008 sikra mot byggskader. Det er gjort ei enkel registrering /oppmåling av bygningane, og tilstandsvurdering i lag med museumsfagfolk frå Sogn Folkemuseum.

Det er hausten 08 utført arkeologiske undersøkingar utan resultat på arealet som er regulert til byggegrunn. Arealer frigjeve til bygging.

Prosjektet sin første fase er å laga eit **forprosjekt**, som skal klargjera kostnader og aktuelle partar I finansiering og drift.

Resultatet av forprosjektet vil avgjera om ein vel å gå vidare.

Framdrift: Ferdig forprosjekt I løpet av 2009.

BUDSJETT, FORPROSJEKT

	2008	2009	
Partar			Sum
Vik Kommune	20	80	100
Andre		50	50
	20	130	150

3.2 Hopperstadtunet.

Bakgrunn.

Hopperstadtunet er eit relativt godt bevart klyngetun, med ca 20 bygningar. Forfall og uttynning av bygningsmassen har vore tendensen over lang tid. Det er no sett i verk restaureringstiltak i privat regi for fleire verneverdige bygg i tunet. Arbeidet er/vil bli støtta med s.k. SMIL-midlar, formidla via Vik Kommune. I 2008 er tildelt 70.000 kr til eit enkeltbygg, og fleire står for tur. Gjennomgangstrafikken i tunet er eit problem.

Mål:

Betra bumiljø, tryggleik og trivsel I tunet , og stimulera og leggja til rette for restaurering av bygningsmiljøet.

Tiltak:

Vik kommune har I sin reviderte strategi for tildeling av SMIL midlar gjeve prioritet til restaureringsprosjekt I verneområdet Hopperstad-Moahaugane-Hove. For å avgrensa ulempene med gjennomgangstrafikk vil Vik Kommune setja I verk tiltak for fartsbegrensing og miljøforbedring i tunet.

Dette skal gjerast i to trinn:

A. Strakstiltak: skilting til 30 km/t og 3 fartshumpar .

B. På sikt: Ombygging av vegbana.

Det er I utlagt reguleringsplan stilt krav om Utbyggingsplan (PBL§28) for området Hopperstad. Planen vil gje avklaring på tiltak under pkt.B

A STRAKSTILTAK. BUDSJETT, 2010

Partar	
KRD/SOFF	
Vik Kommune	50
Andre . Trafikktryggingmidlar o.l.	50
	100

3.3 Servicebygg m.m. Hove kyrkje.

Bakgrunn.

Eigar: staten v/ RA. Forvalta av Fortidsminneforeningen. Kyrkjegarden er forvalta av Vik Kommune/Fellesrådet. Bruk: Guida omvisningar og konsertar. Enkelte messer og brurevigsler. Manglar wc/servicebygg.

Tiltak:

Laga forprosjekt for eit servicebygg: 1 rwc + varmebu/lager for guidar. Ca 10-15m2

Opparbeiding/merking parkering. Infotavle

Partar: FMF, RA, Vik Kommune

Forslag til reguleringsplan, utlagt til 2. gongs ettersyn nov.08 legg til rette for ei slik løysing. Ferdig forprosjekt med kostnadsoverslag skal gje grunnlag for avgjerd om vidareføring I eit detaljprosjekt/byggeprosjekt.

Framdrift:

Planlegging 2010

Utføring: Tidlegast 2011/2012

BUDSJETT HOVE, FORPROSJEKT (1000 kr) 2010

KRD/SOFF	20
Vik Kommune	20
Andre : FMF, RA	20
Sum	60

3.4 Skjøtselstiltak. Restaurering av kulturlandskap.

Bakgrunn.Mål

Reinene (terrasseskråningane) I Flatbygdi er heilt eller delvis overgrodde av vegetasjon, og stengjer viktige *siktsoner* i landskapet.

Skjøtelsplan for kulturlandskapet i planområdet Hove-Moahaugane –Hopperstad er utarbeidd som del av planarbeidet.

Målet er å opna opp landskapet med rydding, og få på plass varige skjøtelsordningar med beiting og/eller slått av reiner og gravhaugar.

Tiltak skal setjast I verk I fleire steg:

Trinn 1 skal setjast I verk I 2009, og omfattar omlag 20 daa reineareal.

Deler av arealet er kommunal grunn.

Søknad om SMIL midlar til prosjektet er sendt nov.08

Detaljplanar og finansieringspakke er under arbeid.

Avklaringar med grunneigarar/partar skal gjerast I vinter

Prosjektansvarleg: Bygdeutviklar Veronica Seim Beck, Vik Kommune

BUDSJETT. SKJØTSEL 1

2008

2009

2010

	2008	2009	2010
Partar			
KRD			
Vik Kommune	10	50	50
SMIL		100	100
Sum	10	150	150

4.0 Vikøyri. Sjøfronten.

Bakgrunn.

Sjøfronten mellom elvane Hopra og Vikja har eit stort og unytta potensiale som trivselsskapande element i sentrum, som innfallsport til Vik for gjestar over sjø og land, som område for næringsutvikling og verdiskaping.

Fjordbygda Vik har ingen sentrumsnær badestrand.

Det er ingen samanhengjande gangveg på sjøsida av RV 13 og fylkesvegen til Arnafjorden.

Kristianhus Båtmotormuseum ligg på området, med ei unik samling av båtmotorar, båtar og reiskap/utstyr knytt til fjord-og kystkulturen. Bygningen har ca 600m² grunnflate og er i hovudsak uisolert. Dette begrensar bruksverdien.

Ved Kristianhus er opparbeidd s.k. ”tenderkai” for cruisetrafikk. (Ca 10.000 pass. i 2008)

Området ved/rundt kommunehuset er eit *kommunikasjonsknutepunkt og eit viktig offentleg rom*, med kai for rutegående transport på sjø (ekspressbåt m.m.), og oppstillingsplass for bussar på sørsida.

Området er prega av slitasje og manglande vedlikehald, og gjev reisande eit lite taltalande førsteintrykk av Vik .

Vik manglar gjestehavnfunksjonar. Den eksisterande småbåthavna I området Havnen vest for Hopra har dårleg skjerming mot bylgjer. Båtlaget arbeider med planar om forbetra og utvida havn med gjesteplassar.

Den verna strandsitjarbebyggelsen på Vikøyri er eit viktig kulturminne og ein stor attraksjon og ressurs for reiselivet. Samstundes er området eit vitalt og tett buområde for fastbuande og feriegjestar.

Gjennomgangstrafikken (50km/t) på RV 13 er ein barriere I sentrumsmiljøet, og utgjer reell fare for mjuke trafikantar.

Mål: utvikla strandsona på Vikøyri til eit attraktivt offentleg rom for fastbuande og gjestar.

Prioriterte tiltak:

Strandpark med badeplass, strandpromenade og kaipark

Området Havnen. Nærbadeplass/friområde,naustområde,båthavn

Miljøgate gjennom sentrum. Tiltak for fartsreduksjon.

4.1 Strandparken.

Offentleg badestrand, strandpromenade og kaipark. På strekninga frå Granden til Hopra.

Arealbruken i deler av deler av området treng avklaring i reguleringsplan.

Det er forutsett byggestart i 2009.

Byggesteg 1 vert riving av kailager og opparbeiding av kaipark.

Det vert søkt delfinansiering med tettstadutviklingsmidlar frå fylkeskommunen.

Prosjektansvarleg: PL

Partar, finansiering	2009		2010		Sum
	Planl.	Bygging	Planl.	Bygging	
KRD	100		50		150
Vik Kommune	50	600	50	700	1400
Tettstadfornyng		600		700	1300
Andre: DN		1000			1000
Sum	150	2200	100	1400	3850

4.2 Området Havnen/småbåthavna

Bakgrunn:

Området var frå gammalt ubebygd strandområde og badestrand.

Strandsona og tidlegare badeplass er no brukt til småbåthavn med landaraeal, fylkesvegen til Arnafjord og kai.

Vik Kommune eig arealet. Vik Småbåtlag eig og driftar båthavna. Vik Camping ligg på sørsida av fylkesvegen.

Mål:

Utvikla strandsona vest for Hopra til eit tiltalende område med offentleg badestrand/friområde, naust og ei god småbåthavn.

Tiltak:

Trinn 1

Avklara arealbruken i ny reguleringsplan. Kfr. Pkt.1.2

Forprosjekt båthavn. Avklaring omkring finansiering.

Trinn 2

Ny båthavn vert etablert nord for eks.havn, bak ny molo flyteelement. 100-120 pl.

Badestrand og byggeområde for naust/orbuer vert laga til på eks. havneområde.

Partar: Vik Småbåtlag, Vik Kommune.

Framdrift: Planavklaring og forprosjekt 2009.

BUDSJETT. HAVNEN. Trinn1	2009	2010	
Partar	Planl.	Planl.	Bygging
KRD/SOFF			
Vik Småbåtlag	20		
Vik Kommune	50		
Andre	30		
Sum	100		

4.3 Miljøgate og miljøtiltak i Vik sentrum.

Bakgrunn

RV 13 er hovudgata i Vik sentrum. Med dagens fartsgrenser (50km/t) og utforming utgjer riksvegen ein *barriere* i tettstaden. Deler av strekningen er prega av slitasje og utflytande trafikkareal, og gjev eit mindre tiltalende inntrykk.

Mål

Ein ynskjer å redusera barrierevirkningen ved å få ned farten på biltrafikken, og betra forholda for mjuke trafikantar og lokale trafikkbehov.

Ein ynskjer på sikt ei ombygging og opprusting av RV 13 gjennom sentrum I tråd med prinsippa for ”miljøprioritert gjennomkøyning”. Aktuell strekning utgjer omlag 500m .

Partar I eit slikt prosjekt vil vera StatensVegvesenet, Vik Kommune og næringsdrivande/grunneigarar m.fl.

Tiltak

Ombygging av RV13 vil krevja relativt store investeringar. Større løyvingar/midlar frå Vegvesenet vil liggja noko fram i tid.

I prosjektperioden vil Vik Kommune prioritera følgjande tiltak:

- A. Strakstiltak for fartsreduksjon gjennom Vik sentrum.
- B. Utarbeida *reguleringsplan* for miljøgate gjennom sentrum.

Status pr nov.08.

A.

Statens Vegvesen, Region Vest har I møte med PL stilt seg positive til å gjennomføra tiltak for fartsreduksjon.

Vik Formannskap ber i sak 163/08 Statens Vegvesen om å setja i verk tiltak for fartsreduksjon innan 2009. Prosjektet er forutsett gjennomført I samarbeid med Vik Kommune.

Tiltak vil I hovedsak bestå av skilting og oppbygde fotgjengarovergangar/fartshumpar.

B.

Reguleringsplan for miljøgate er fortsett utført I 2010. (Kfr. Pkt. 2.0)

BUDSJETT. MILJØTILTAK	2009		2010	
Partar	Planl.	Bygging	Planl.	Bygging
KRD/SOFF				
Statens Vegvesen	20	200		
Vik Kommune	20			
Sum	40	200		

5.0 Formidling, kunnskap og kompetanse.

God formidling av historien og historiane knytt til kulturminne er avgjerande for å få til auka verdiskaping. Då trengst det kunnskap, motivasjon og formidlingsevne.

Delprosjekta under tek sikte på .

Auka medvit om eigne kulturminneverdiar. Identitetsbygging.

Betre vertskap og auka verdiskaping i lokalt reiseliv.

4.1 Sundagsseminaret.

- Ein møteserie om lokalhistoriske høgdepunkt.

Føremålet med prosjektet er å auka kunnskapen om lokalhistorien mellom folk flest, med særskild innretting på aktørane i reiselivet og andre med vertskapsrollar lokalt.

Møta har eit fast opplegg:

Hovedtema med 1-3 innleiarar. Samtale.

Lokalhistorisk quiz

Kulturinnslag med tilknytning til tema

Enkel servering.

Det er forutsett 4-6 seminar kvart år, lagt til vinterhalvåret.

Det er pr nov. 08 avvikla 8 seminar med 60-90 deltakarar på kvart arr.

Tiltaket er eit samarbeid med Vik Historielag, Vik Lokalhistoriske arkiv, Vik Ungdomslag og prosjektet v/prosjektleiatar som partar.

Sundagsseminaret har fått god omtale i lokale media.

Kostnader er knytt til tidsbruk for prosjektleiatar og leiar for Lokalhistorisk Arkiv.

Desse står som hovedansvarlege for planlegging og gjennomføring av arrangement.

Verdi av Bidrag frå Lokalhistorisk arkiv, og dugnadsbidrag frå historielag er stipulert og lagt inn i budsjettet

Inngangspengar dekkar langt på veg utgifter til innleigde foredragshaldarar/artistar og lokale .

BUDSJETT SUNDAGSSEMINARET(1000 kr) 2008 2009 2010

KRD/SOFF	2008	2009	2010
Vik Kommune/Lok.hist arkiv	25	25	25
Andre :	5	5	5
Sum	30	30	30

4.2 Audioguiding.

Bakgrunn.

Individuelle reisande og mindre grupper utgjør ein stor del av turistane i Vik.

Personleg guiding for denne gruppa vert upraktisk og/eller dyrt.

Mange reisemål/attraksjonar kan no tilby audioguiding for denne gruppa. (T.d. Lærdalsøyri)

Mål:

Ein ynskjer å utvikla eit tilbod om *audioguiding* for **Vikøyri** og for Den historiske vandrainga **Hopperstad – Moahaugane - Hove**.

Det er forutsett totalt min. 30 spor a 2min. Min. 3 språk.

Prosjektet er forutsett utført i samarbeid med ABM Sogn og Fjordane som fagleg/teknisk rådgjevar.

Drift /utleige/administrasjon av tilbodet er forutsett lagt til turistkontoret og/eller lokale reiselivsaktørar.

Ein ser for seg at arbeidet med tekstar og utval av stoff og skal bidra til *høgare kvalitet* på anna formidling: muntleg guiding, skriftleg info/brosjyrer.

Prosjektkostnader: Førebels overslag: 150.000 kr (Ca 5000kr/lydspor)

Framdrift:

Avtale med Fylkesarkivet. Etablering av prosjektgruppe haust 08.

Produksjon vinter 08/09

Klar til bruk: sommar 09.

Status pr. Nov.08:

Prosjektgruppe er etablert. Oppstartmøte 3.11.08

Partar:

Vik Kommune v/ O.Wiik

Vik Lokalhistoriske arkiv v/ AI. Sæbø

Fortidsminneforeningen v/ Kari Wiken Sunde

ABM Sogn og Fjordane v/ Øyvind---

AUDIOGUIDING. BUDSJETT (1000 kr)

Partar	2009
KRD/SOFF	
Vik Kommune	90
ABM Sogn og Fjordane	50
Fortidsminneforeningen	10
Sum	150

5.3 KULTURMINNEÅRET 2009.

Bakgrunn.

Kulturminneåret 09 er ei nasjonal satsing for auka medvit og kunnskap om kulturminne. Den nasjonale satsinga vil gje "vårt" prosjekt ekstra drahjelp. Vik er og uvanleg rik på kulturminne. Det er difor naturleg at Vi Kommune legg opp til ei brei og synleg markering.

Mål:

Vik Kommune vil leggja opp til ei brei markering av Kulturminneåret 2009 .

Det er eit mål å engasjera og mobilisera folk I alle deler av kommunen og I alle aldersgrupper.

Tiltak/status:

Kommunal nemd for Kulturminneåret 2009 er oppnemnt hausten 08.

Nemda har 6 medlemer.

Prosjektleiari er sekretær for nemda.

Nemda skal utarbeida program/planar for markeringa, og leia gjennomføringa.

Planane skal godkjennast av Formannskapet innan januar 09.

Nemda har hatt oppstartmøte 10.11.08.

Alle skulane I Vik er kontakta og oppmoda om å laga prosjekt rundt motto "Vårt kulturminne" som sitt bidrag til markeringa.

Sundagsseminaret 2009 (4-6 arr) vil setja fokus på utvalde kulturminne I kommunen.

Det lokalhistoriske bygdebladet Pridlao vil laga temanummer om Kulturminne.

Andre aktuelle tiltak som nemda vurderer:

- Regional Kulturminnekonferanse i Vik i regi av Sogn Regionråd og Vik Kommune.
- På stølsveg. Turprogram til stolar i fjellet i regi av Vik Turlag
- Diverse utstillingar, kyrkjekonsertar m.m.

KULTURMINNEÅRET 09. BUDSJETT (1000 kr)

Partar	År 2009
KRD/SOFF	50
Vik Kommune	50
Sogn Regionråd	50
Sum	150

D. BUDSJETT. FINANSIERING.

VERDISKAPING RUNDT KULTURMINNE I VIK
PROSJEKTBUJSJETT. 1000 kr. Pr 15.11.08

	DELPROSJEKT	06/07	2008	2009	2010	2011	2012
00	PROSJEKTADM./LEIING. *	160	600	630	650		
1.0	REGULERINGSPLANAR, M.M.	735	340	380	200		
2.0	TURVEGAR.						
2.1	Vikøyri-Hopperstad		50	1350			
2.2	Hopperstad-Hove		50	100	1250		
2.3	Hove-Vikøyri				150	1350	
3.0	HOVE-HOPPERSTAD						
3.1	Klokkargarden m.m.		20	130			
3.2	Hopperstadtunet				100		
3.3	Hove. Servicebygg m.m.				60		
3.4	Skjøtselstiltak.		10	150	150		
4.0	VIKØYRLSJØFRONTEN						
4.1	Strandpark			2350	1500		
4.2	Havnen. Forprosjekt			100			
4.3	Miljøtiltak Vik Sentrum			240			
5.0	FORMIDLING, KUNNSKAP M.M.						
5.1	Sundagsseminaret		30	30	30		
5.2	Audioguiding		10	150			
5.3	Kulturminneåret 2009			150			
	SUM	895	1100	5760	4090	1350	

* Finansiert v/ tilskot frå KRD/SoFF,

UTVIKLING RUNDT KULTURMINNE I VIK
FINANSIERING. 1000 kr. Pr 15.11.08

	PARTAR	06/07	2008	2009	2010	2011	2012
	VIK KOMMUNE		170	1760	1590	550	
	KRD. Tilsagn.	750	750	750	750		
	SOGN OG FJ. FYLKESK. Tilsagn.	150	150	150	150		
	ANDRE. M.A.: STATKRAFT STATENS VEGVESEN INNOVASJON NORGE SOGN REGIONRÅD ÅLAV PRIVATE. FOND. M.M. FORTIDSMINNEFORENINGEN. KRD/MD/RA. SOF FYLKESKOM.		30	3100	1600	800	
	SUM	900	1100	5760	4090	1350	